

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	Fylkestinget
<b>Møtestad:</b>	Radisson Blu Royal hotel, Bryggen, Bergen
<b>Dato:</b>	03.02.2017
<b>Tid:</b>	13:00

**Du vert med dette kalla inn til ekstraordinært møte i fylkestinget fredag 3. februar**

### Program:

#### **Fredag 3. februar**

Kl. 10.00 – 12.00	Gruppemøter
Kl. 12.00 – 12.15	Møte i Valnemnda
Kl. 12.15 – 13.00	Lunsj
Kl. 13.00 –	Møtestart, saksbehandling

**Terje Søviknes (FRP) og Marthe Hammer (SV) har forfall – Rosalind Fosse (FRP) og Einar Horvei (SV) er kalla inn.**

Det er tinga lunsj for alle fylkestingmedlem på hotellet.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på [www.hordaland.no/forfall](http://www.hordaland.no/forfall)

Innkallinga gjeld valde medlemer i Fylkestinget. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Pål Kårbø  
fylkesvaraordførar

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 1/17	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 2/17	Regionreforma - intensjonsplan for samanslåing av Hordaland og Sogn og Fjordane	2015/1434	
PS 3/17	Søknad om permisjon frå verv	2016/402	
PS 4/17	Ymse		
PS 5/17	Godtgjersle til fylkesordførar i sjukemeldingsperioden	2017/711	
PS 6/17	Søknad om mellombels fritak frå verv som fylkesordførar - Val av ny midlertidig fylkesvaraordførar	2017/732	
PS 7/17	Val av vararepresentant til forhandlingsutvalet for Byveksttalen med Staten	2017/732	

**PS 1/17 Godkjenning av møteinnkalling**



Arkivnr: 2015/1434-493

Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet	5/17	26.01.2017
Fylkestinget	2/17	03.02.2017

## Regionreforma - intensjonsplan for samanslåing av Hordaland og Sogn og Fjordane

### Samandrag

Som ein del av regionreforma vart det gjennomført nabosamtalar og forhandlingar om ein intensjonsplan for samanslåing av fylkeskommunane Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland til ein ny Vestlandsregion. Forhandlingane om intensjonsplan vart slutført i Førde, 15.september, og signert av dei tre fylkesordførarane.

Etter ei open høyring i dei tre fylka, samt ei innbyggjarundersøking i Rogaland, vart utkastet til intensjonsplan lagt fram for fylkestinga i dei tre vestlandsfylka i desember 2016. På fylkestinget i Rogaland vart det fleirtal for at Rogaland inntil vidare består som eigen region. Fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland vedtok at det skulle forhandlast på nytt om ei ny regionløysing på Vestlandet mellom desse to fylka. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har gitt utvida frist for slike forhandlingar og vedtak til 3.februar 2017.

Dei tidlegare oppnemnde forhandlingsutvala har gjennomført forhandlingar om ein ny intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland, og denne intensjonsplanen vert no lagt fram for fylkestinga i begge fylka.

Fylkesrådmannen ser på intensjonsplanen og resultatet av forhandlingar mellom fylkeskommunane Hordaland og Sogn og Fjordane som eit godt utgangspunkt for å etablere ein ny folkevald region på Vestlandet, og som eit tilstrekkeleg rammeverk for fellesnemda sitt arbeid med endeleg politisk og administrativ organisering av den nye regionen.

Fylkesrådmannen viser likevel til fylkestinget sitt tidlegare vedtak, 14.desember 2016, der det er nedfelt at fylkestinget primært ønskjer ein Vestlandsregion beståande av Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane. Ei slik regionløysing på Vestlandet vil nok i større grad kunne trekke til seg statlege oppgåver og ansvarsområder og ikkje minst bidra til at statlege ressursar i større grad rettmessig vert allokert til Vestlandet.

### Forslag til innstilling

1. Fylkestinget viser til regionreforma og Stortinget sitt vedtak om ny regionstruktur frå 1.1.2020 med om lag 10 regionar. I den nye strukturen går fylkestinget primært inn for at det vert etablert ein Vestlandsregion som består av Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane.
2. Fylkestinget viser til at Rogaland fylkeskommune har vedteke å bestå som eigen region inntil vidare på grunn av manglande avklaringer om overføring av nye statlege oppgaver og ansvarsområder i tilstrekkeleg omfang. Det er derfor framforhandla ein intensjonsplan for etablering av ein ny folkevald region på Vestlandet bestående av Sogn og Fjordane og Hordaland. Fylkestinget godkjenner denne intensjonsplanen som grunnlag for eventuell etablering av ei slik regionløysing på Vestlandet under føresetnad av tilsvarande vedtak i fylkestinget i Sogn og Fjordane
3. Fylkestinget vil understreke at folketal og geografisk utstrekning ikkje må vere til hinder for etablering av Vestlandsregionen i ein ny regionstruktur, og at generalistprinsippet for oppgåvedeling mellom statlege og regionale ansvarsområder må kunne fråvikast i ein regionstruktur med svært ulikt innbyggjartal i dei nye regionane. Fylkestinget ber om at oppgåvedifferensiering vert lagt inn i mandatet til ekspertutvalet som skal vurdere overføring av nye statlege oppgaver til regionalt folkevald nivå.

### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.01.2017

**Silje Hjemdal (Frp)** sette på vegner av Frp, H og V fram slikt forslag:

«Alternativt forslag til punkt 2:  
Fylkesutvalet tar forhandlingsresultatet til orientering.

Punkt 3 utgår.»

**Silje Hjemdal (Frp)** sette på vegner av (Frp, H og V) fram slik protokollmerknad:

«Intensjonsplanen tas i fylkesutvalget til orientering. Begrunnelsen for dette er at partiene mener det er store betenkeligheter og utfordringer med forhandlingsresultatet som foreligger. Dette gjelder spesielt pkt. 7, hvor det heter at "Fondsmidlane, og utbytte av aksjane, skal kunne nyttast til særskilde investerings- og utviklingsprosjekt i Sogn og Fjordane". Partiene mener dette punktet ikke kan aksepteres, da en region, må ha en felles økonomi. Det naturlige er da at økonomiske prioriteringer når det gjelder investering og drift blir gjenstand for politisk behandling, typisk i regionens budsjett.

Partiene vil i tiden frem mot fylkestinget 3 februar diskutere intensjonsplanen i sine partigrupper.»

**Benthe Bondhus (Sp)** sette fram slikt forslag:

Endring i punkt 2 (endringane er utheva):

«Fylkestinget viser til at Rogaland fylkeskommune har vedteke å bestå som eigen region inntil vidare på grunn av manglande avklaringar om overføring av nye statlege oppgaver og

ansvarsområder i tilstrekkelig omfang. Det er derfor framforhandla ein intensjonsplan for etablering av ein ny folkevald region på Vestlandet bestående av Sogn og Fjordane og Hordaland. Fylkestinget godkjenner denne intensjonsplanen som grunnlag for eventuell etablering av ei slik regionløyning på Vestlandet under føresetnad av **at nye oppgåver/ansvarsområde vert tilført** og tilsvarande vedtak **gjort** i fylkestinget i Sogn og Fjordane.»

**Tom Sverre Tomren (MDG)** sette fram slikt forslag (a):

«Nytt punkt:

Fylkestinget ynskjer følgande justering av avtalen på punkt Hovudmål 4 (Strategisk infrastrukturbygging «Vestlandsregionen skal sikre ein framtidsretta infrastruktur på Vestlandet, med mål om betra samband), første delmål til

«- Vestlandsregionen skal gjennom ei kontinuerleg satsing på infrastruktur og kommunikasjonar nytte synergjar og økologisk berekraft mellom vekstkraftige senter og omlandet betre. Realisering av utsleppsfri og Co2-nøytral ferjeflåte på Vestlandet er viktig. Det er og viktig at det blir utvikla jernbanstrukturar aust-vest som forkortar reisetida. I tillegg til dette er det også viktig at dei hovudvegkorridorane som vert valde aust-vest dekkjer regionen samla best mogleg.»

**Aud Karin Oen (SV)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ til fylkesrådmannen sitt forslag:

1. Fylkestinget vedtek å seia nei til ein ny Vestlandsregion så lenge ein ikkje veit kva oppgåver som vert overført frå staten til regionnivået og kva oppgåver ein får behalda. Når oppgåvene er klare kan ein ta saka opp til ny vurdering. Oppgåver som bør over på eit regionalt nivå er t.d. sjukehusa og høgskular.
2. Hordaland fylkesting går inn for at det blir gjennomført ei rådgjevande folkerøysting i vestlandsfylka i samband med stortingsvalet 2017 før slutthandsaming i fylkestinga.
3. Administrasjonsspråket i ein eventuell ny Vestlandsregion skal vera nynorsk.»

**Tom Sverre Tomren (MDG)** sette fram slikt forslag (b):

«Nytt punkt:

Formuleringa om namn og logo vert erstatta av "Det vert lyst ut ein namne- og logokonkurranse før ein tek avgjerd om namn og logo på den nye regionen."

### Røysting

Oen sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 1 røyst (SV).

Hjemdal sitt forslag fekk 6 røyster (Frp, H, V) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 fekk ingen røyster og fall.

Bondhus sitt forslag punkt 2 fekk 8 røyster (A, Sp, KrF, MDG) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3 vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 7 røyster (H, Frp, V, SV).

Tomren sitt forslag (a) fekk 1 røyst (MDG) og fall.

Tomren sitt forslag (b) fekk 1 røyst (MDG) og fall.

### Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget viser til regionreforma og Stortinget sitt vedtak om ny regionstruktur frå 01.01.2020 med om lag 10 regionar. I den nye strukturen går fylkestinget primært inn for at det vert etablert ein Vestlandsregion som består av Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane.
2. Fylkestinget viser til at Rogaland fylkeskommune har vedteke å bestå som eigen region inntil vidare på grunn av manglande avklaringar om overføring av nye statlege oppgåver og ansvarsområde i tilstrekkeleg omfang. Det er derfor framforhandla ein intensjonsplan for etablering av ein ny folkevald region på Vestlandet bestående av Sogn og Fjordane og Hordaland. Fylkestinget godkjenner denne intensjonsplanen som grunnlag for eventuell etablering av ei slik regionløyning på Vestlandet under føresetnad av at nye oppgåver/ansvarsområde vert tilført og tilsvarande vedtak gjort i fylkestinget i Sogn og Fjordane.
3. Fylkestinget vil understreke at folketal og geografisk utstrekning ikkje må vere til hinder for etablering av Vestlandsregionen i ein ny regionstruktur, og at generalistprinsippet for oppgåvedeling mellom statlege og regionale ansvarsområde må kunne fråvikast i ein regionstruktur med svært ulikt innbyggjartal i dei nye regionane. Fylkestinget ber om at oppgåvedifferensiering vert lagt inn i mandatet til ekspertutvalet som skal vurdere overføring av nye statlege oppgåver til regionalt folkevald nivå.

#### **Protokollmerknad frå Frp, H og V**

Intensjonsplanen tas i fylkesutvalget til orientering. Begrunnelsen for dette er at partiene mener det er store betenkeligheter og utfordringer med forhandlingsresultatet som foreligger. Dette gjelder spesielt pkt. 7, hvor det heter at "Fondsmidlane, og utbytte av aksjane, skal kunne nyttast til særskilde investerings- og utviklingsprosjekt i Sogn og Fjordane". Partiene mener dette punktet ikke kan aksepteres, da en region, må ha en felles økonomi. Det naturlige er da at økonomiske prioriteringer når det gjelder investering og drift blir gjenstand for politisk behandling, typisk i regionens budsjett.

Partiene vil i tiden frem mot fylkestinget 3 februar diskutere intensjonsplanen i sine partigrupper.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

#### Vedlegg

- 1 Intensjonsplan for samanslåing av Hordaland og Sogn og Fjordane
- 2 Intensjonsplan for samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

Fylkesrådmannen, 19.01.2017

## 1.0 Bakgrunn for saka

I samband med at Stortinget handsama St.meld. 14 (2014 - 15) «Kommunereforma – nye oppgaver til større kommunar» 2.6.2015 vart det vedteke å invitere fylkeskommunene inn i kommunereforma, med sikte på å vedta ny regionstruktur våren 2017.

Med grunnlag i vedtaket i Stortinget vart fylkeskommunane i brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2.7.2015, «Invitasjon til å delta i reformprosessen», inviterte til å «ta nabosamtalen» og å fatta vedtak om strukturendringer på regionalt nivå i løpet av hausten 2016.

Som ein del av regionreforma er det gjennomført nabosamtalar og forhandlingar om ein intensjonsplan for samanslåing av fylkeskommunane Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland til ein ny Vestlandsregion. Forhandlingane om intensjonsplan vart slutført i Førde, 15.september, og signert av dei tre fylkesordførarane.

Etter ei open høyring i dei tre fylka, samt ei innbyggjarundersøking i Rogaland, vart utkastet til intensjonsplan lagt fram for fylkestinga i dei tre vestlandsfylka i desember 2016. På fylkestinget i Rogaland vart det fleirtal for at Rogaland inntil vidare består som eigen region. Fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland vedtok at det skulle forhandlast på nytt om ei ny regionløysing på Vestlandet mellom desse to fylka. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har gitt utvida frist for slike forhandlingar og vedtak til 3.februar 2017.

Dei tidlegare oppnemnde forhandlingsutvala har gjennomført forhandlingar om ein ny intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland, og denne intensjonsplanen vert no lagt fram for fylkestinga i begge fylka. I Sogn og Fjordane er det fastsett handsaming i fylkesutvalet 1.februar og på fylkestinget 2.februar 2017.

## 2.0 Regionreforma

Som tidlegare nemnt vart det i samband med Stortinget si handsaming av St.meld. 14 (2014 - 15) «Kommunereforma – nye oppgaver til større kommunar» 2.6.2015, vedteke å invitere fylkeskommunene inn i kommunereforma, der regjeringa vart bedt om å legge fram forslag til eit nytt regionalt folkevald nivå våren 2017. Dei nye regionane skal virke frå 1.1.2020.

### 2.1 Meld.St. 22 (2015–2016) «Nye folkevalgte regioner – rolle, struktur og oppgaver»

Regjeringa la 5.4.2016 fram Meld. St. 22 (2015–2016) «Nye folkevalgte regioner – rolle, struktur og oppgaver» om oppgaver og funksjonar til eit nytt regionalt folkevald nivå. Regjeringa legg her opp til at dagens fylkeskommunar vert erstatta av omlag 10 folkevalde regionar. Regjeringa vil gjennomgå dei statlege regioninndelingane (fylkesmannen mfl.) i lys av dei nye grensene for det regionale folkevalde nivået.

Dei nye regionane skal få ei forsterka samfunnsutviklarrolle innan område som gjeld samfunns- og arealplanlegging, klima og miljøvern, folkehelse, kompetanse, kultur, ressursforvaltning, samferdsel og næringsutvikling. Samfunnsutviklingsarbeidet krev samarbeid med offentlege styremakter som regionalt folkevald nivå ikkje har instruksjonsmynde over, og å mobilisera private aktørar og lokale og regionale interesser. Det betyr å ha ein langsiktig og heilskapleg plan for sin eigen region, slik det er omtalt i Meld..St. 22 (2015-2016) Nye folkevalde regioner – rolle, struktur og oppgaver.



I samband med handsaminga av Innst. 377 S (2015–2016) Nye folkevalgte regioner – roller, struktur og oppgaver, vart det fatta tre vedtak i Stortinget, 8.juni 2016

«Vedtak 821

*Stortinget ber regjeringen sette ned et ekspertutvalg som skal foreslå ytterligere nye oppgaver til regionene når den nye regionstrukturen er fastlagt, og senest våren 2017.*

Vedtak 822

*Stortinget ber regjeringen i regionreformen sørge for at administrasjonen av fylkesvegnettet (deler av sams vegadministrasjon) blir underlagt de nye folkevalgte regionene.*

Vedtak 823

*Stortinget ber regjeringen i forbindelse med regionreformen styrke nytt regionalt folkevalgt nivå's rolle i integreringsarbeidet i forbindelse med sysselsetting og utdanning/kompetanseheving, samt som bindeledd mot kommuner, næringsliv og frivillig sektor.»*


## 2.2 Vidare prosess i regionreforma

Hovedkonklusjonen etter Stortinget si handsaming av regionmeldinga er at det førebels er lite avklart kva som skal overførast av nye oppgaver til det regionale folkevalde nivået. Det klaraste vedtaket er kanskje det som gjeld «sams vegadministrasjon». Stortinget legg her opp til at den delen av sams vegadministrasjon som har oppgåver og ansvar for fylkesvegnettet skal overførast frå Statens vegvesen til fylkeskommunane/regionane.

I tillegg har Stortinget bedt om det vert nedsett eit ekspertutval som skal vurdere og foreslå ytterlegare nye oppgåver til det nye regionale folkevalde nivået, når den nye regionstrukturen er fastlagt, og seinast våren 2017.

Regjeringa vil legge fram forslag til ny geografisk inndeling av det folkevalde regionale nivået våren 2017, samt oppfølging av nye regionale oppgåver omtalt i Meld.St. 22 (2015–2016) «Nye folkevalgte regioner – rolle, struktur og oppgaver» og Stortinget sine merknader og vedtak i handsaminga av Innst. 377 S (2015–2016) «Nye folkevalgte regioner – roller, struktur og oppgaver».

Regjeringa legg opp til følgjande prosess fram mot våren 2017 og vidare til iverksetting av ny regionar 1.1.2020:



### 2.3 Nedsetting av fellesnemnd for førebuing av samanslåing av fylker

Stortinget kan med heimel i Inndelingslova §4 gjere vedtak om samanslåing av fylker. Etter at eit slikt vedtak eventuelt er gjort våren 2017, kallar Kommunal- og moderniseringsdepartementet saman fylkestinga til fellesmøte, jfr § 25 i Inndelingslova. I samme lovparagraf heiter det at departementet kan gjere unntak frå kravet om slikt felles møte. På slike fellesmøte skal følgjande saker drøftast:

- a) forslag til namn på den nye kommunen eller det nye fylket
- b) talet på medlemmer i det nye kommunestyret eller fylkestinget
- c) kriterium for samansetjing av og funksjonar til fellesnemnd etter § 26 i Inndelingslova
- d) val av revisor for verksemda i fellesnemnda
- e) oppretting av eventuelle andre fellesorgan for å sikre gjennomføringa av samanslåinga

Ved samanslåing av kommunar eller fylkeskommunar skal det opprettast ei politisk fellesnemnd til å samordne og ta seg av førebuinga av samanslåinga.

Fellesnemnda skal ta hand om det førebuande arbeidet med økonomiplanen og med budsjettet for det første driftsåret etter at samanslåinga er sett i verk. Nemnda skal i sin verkeperiode gi fråsegn til departementet om årsbudsjetta og økonomiplanen for dei kommunane eller fylkeskommunane saka gjeld.

Andre arbeidsoppgåver og fullmakter for nemnda blir fastsette i reglement som må vedtakast i alle kommunestyra eller fylkestinga. Kvar av kommunane eller fylkeskommunane kan be departementet om å ta avgjerd i slike spørsmål dersom det ikkje er mogleg å kome til semje.

Nemnda kan få fullmakt til å tilsetje personale i den nye eininga. Dette omfattar også tilsetjing av administrasjonssjef og revisor. Funksjonsperioden for fellesnemnda går ut når det nye kommunestyret eller fylkestinget er konstituert.

### **3.0 Vedtak om intensjonsplanen for etablering av Vestlandsregionen mellom Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland**

Det er gjort følgjande vedtak om intensjonsplanen for etablering av Vestlandsregionen mellom Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland:

#### Fylkestinget i Sogn og Fjordane, 7. desember 2016:

- «1. *Fylkestinget i Sogn og Fjordane er positiv til at det vert etablert ein sterk og attraktiv folkevald vestlandsregion med høg kvalitet i tenestene til innbyggjarane og ei framtidsretta samfunnsutvikling.*
2. *Fylkestinget legg til grunn at eit fleirtal i Stortinget i handsaminga av Meld. St. 22 (2015-16) tidlegare i år har sagt at tal folkevalde regionar skal reduserast vesentleg. Fylkestinget vil at Sogn og Fjordane vert ein del av ein større region, og syner i denne samanheng til intensjonsplanen av 15.09.2016 og den gjennomførte høyringsprosessen. Fylkestinget syner særleg til dei innkomne uttalane frå kommunane.*

*Fylkestinget vil, med grunnlag i inndelingslova, søkje statleg styresmakt om samanslåing med grunnlag i intensjonsplanen. Det er ein føresetnad at Hordaland og Rogaland fylkeskommunar søkjer tilsvarande.*

*Fylkestinget vil nemne opp sine representantar til fellesnemnda i april 2017, jf. inndelingslova § 26. Fylkestinget vil då også ta stilling til kva mandat og avgjerdsmynde fellesnemnda bør få.*

3. *Fylkestinget understrekar at det er heilt uakseptabelt å dele noverande Sogn og Fjordane mellom ulike regionar.*
4. *Fylkestinget legg intensjonsplanen av 15.09.16 til grunn for ein ny vestlandsregion, med følgjande presiseringar:*
  - a) *Det er ein viktig føresetnad at krava om oppgåver som er fremja i kapittel 10 i intensjonsplanen vert følgde opp frå sentrale styresmakter både når det gjeld eksisterande og nye oppgåver.*
  - b) *Den framtidige administrasjons- og tenestestrukturen må byggje på desentralisering, maktspreiing og prinsippet om å ta heile regionen i bruk. Tilsette må gjennom ein brukarnær og desentralisert struktur kunne utføre sine oppgåver innanfor alle sentrale fagområde og sektorar, sjølv om dei ikkje arbeider der den administrative leiinga har hovudsete. Ved framtidig rekruttering må dette prinsippet stå sentralt.*
  - c) *Fylkestinget i Sogn og Fjordane føreset at Vestlandsregionen skal ha nynorsk som administrasjonsspråk. Fylkestinget i Sogn og Fjordane føreset at Vestlandsregionen gjer vedtak om at staten bruker nynorsk til regionen.*
  - d) *Dersom dei nye folkevalde regionane (nasjonalt) får svært ulike innbyggjartal, må Stortinget kunne fråvike generalistprinsippet for oppgåvedeling mellom staten og regionane.*
  - e) *Ekspertutvalet som i 2017 skal opprettast i samband med regionreforma, må leggje til rette for at Stortinget kan overføre viktige samfunnsoppgåver frå statleg til regionalt folkevalt nivå. Både rolla som samfunnsutviklar og rolla som leverandør av offentlege tenester og velferdsytingar må styrkast. Fylkeskommunane må vere godt representerte i nemnde utval.*
  - f) *Fylkesmannsembetet på Vestlandet må få ei organisering og ei regional inndeling som samsvarer med det folkevalde regionale nivået sin geografiske struktur. Fylkesmannsembetet må få ei desentralisert forvaltning lokalisert i dagens fylke, med leiing frå Sogn og Fjordane.*
  - g) *Vi syner elles særleg til premissane i intensjonsplanen sitt kapittel 10, som også er omtala tidlegare i dette vedtaket.*
5. *Dersom dei andre fylkeskommunane gjennom vedtak på fylkestinga i desember 2016, ikkje går inn for etablering av ein vestlandsregion, går fylkestinget inn for at det oppnemnde forhandlingsutvalet for regionreforma får fullmakt til å starte og gjennomføre ny dialog og forhandlingar om alternativ ny regionløysing: Samanslåing av fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland, der det også vert opna opp for å invitere Møre og Romsdal inn i forhandlingar om ei slik løysing. Slike eventuelle forhandlingar føreset at Møre og Romsdal, innan utgangen av 2016, stadfestar at dei vil vere med å forhandle om ein intensjonsplan med ein struktur og eit detaljeringsnivå tilsvarande planen av 15.09.16. Møre og Romsdal må òg akseptere ei framdrift som gjev grunnlag for nye fylkestingsvedtak innan utgangen av januar 2017. Dette føreset at også Hordaland aksepterer ein slik invitasjon. Dette føreset også at ein på statleg side aksepterer at vi får høve til å gjere nye fylkestingsvedtak innan utgangen av januar 2017. I dette tilfelle gjeld pkt. 2, 2. og 3. avsnitt, og pkt. 4 tilsvarande, men då tilpassa dei fylkeskommunar som vert med på ei slik subsidiær løysing. Fylkestinget vil nemne opp sine representantar til fellesnemnda i april 2017 jf. inndelingslova § 26. Fylkestinget vil då også ta stilling til kva mandat og avgjerdsmynde fellesnemnda bør få.»*

Fylkestinget i Rogaland, 13. desember 2016:

- «1. Rogaland fylkesting vil at Rogaland består som egen region inntil videre.
2. Rogaland fylkesting vil etter stortingsbehandlingen og avklaringer om nye oppgaver av tilstrekkelig omfang og karakter se om det er grunnlag for å ha en videre prosess mot Hordaland.
3. Rogaland fylkeskommune forutsetter at dagens oppgaver, som kollektivtransport, videregående opplæring, fagskole og tannhelse, beholdes.
4. Fylkestinget vil sterkt understreke Rogaland fylke som udelelig i den nye regionstrukturen, enten fylket videreføres som i dag, utvides, eller i en løsning sammen med andre fylker.
5. Den statlige inndelingen må følge den nye regionstrukturen.»

Fylkestinget i Hordaland, 14. desember 2016:

- «1. Fylkestinget viser til inngått intensjonsavtale for etablering av Vestlandsregionen og går inn for at Hordaland fylkeskommune, Rogaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune går saman i ein ny folkevald region på Vestlandet. Det er ein viktig føresetnad at krava om oppgåver som er fremja i kapittel 10 i Intensjonsplanen vert følgt opp frå sentrale styresmakter både når det gjeld eksisterande og nye oppgåver. Fylkestinget søker med grunnlag i inndelingslova om slik samanslåing.
2. Fylkestinget vil understreke at folketal og geografisk utstrekning ikkje må vere til hinder for etablering av Vestlandsregionen i ein ny regionstruktur, og at generalistprinsippet for oppgåvedeling mellom statlege og regionale ansvarsområder må kunne fråvikast i ein regionstruktur med svært ulikt innbyggjartal i dei nye regionane. Fylkestinget ber om at oppgåvedifferensiering vert lagt inn i mandatet til ekspertutvalet som skal vurdere overføring av nye statlege oppgåver til regionalt folkevald nivå.
3. Fylkestinget går inn for at nynorsk vert administrasjonsspråket i den nye Vestlandsregionen.
4. Fylkestinget i Hordaland ønskjer primært ein Vestlandsregion som består av Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane. Fylkestinget i Rogaland har sagt nei til ei slik løysing. På denne bakgrunn gjev fylkestinget i Hordaland det oppnemnde forhandlingsutvalet for regionreforma fullmakt til å starta opp ny dialog og gjennomføra nye forhandlingar om ein intensjonsavtale for samanslåing av fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland. Fylkestinget i Hordaland er positiv til at einskilde kommunar i Nord- Rogaland som ønskjer å bli ein del av den nye Vestlandsregionen søker om det.»

**4.0 Forhandlingar om intensjonsplan mellom Sogn og Fjordane og Hordaland**

Med grunnlag i fylkestinget i Hordaland sitt vedtak, 14. desember 2016, er det gjennomført forhandlingar med Sogn og Fjordane fylkeskommune med sikte på å komme fram til ein intensjonsplan for samanslåing av dei to fylka til ein ny folkevald region på Vestlandet.

Forhandlingane fant stad på Bjørnefjorden Gjestetun, Os kommune, 16.-17. januar 2017, mellom forhandlingsutvala frå dei respektive fylkeskommunane. Hordaland sitt forhandlingsutval, som vart nedsett av fylkestinget, 9. mars 2016, har hatt følgjande medlemmer under forhandlingane:

- Pål Kårbø, fylkesvaraordførar
  - Roald Kvamme, gruppeleiar Arbeiderpartiet
  - Mona Røsvik Strømme, gruppeleiar Høgre
  - Tore Andersen, repr for dei tilsette
  - Rune Haugsdal, fylkesrådmann
- vara for fylkesordførar Anne Gine Hestetun  
vara for Terje Søviknes, Frp

#### 4.1 Kort om intensjonsplanen mellom Sogn og Fjordane og Hordaland

Intensjonsplanen mellom fylkeskommunane Hordaland og Sogn og Fjordane byggjer i hovudsak på strukturen og dei same forhandlingsspørsmåla som låg til grunn for intensjonsplanen for Vestlandsregionen som også inkluderte Rogaland fylkeskommune. I den reforhandla intensjonsplanen er det framleis lagt til grunn at namnet på den nye regionen vert Vestlandet/Vestlandsregionen og at Bergen skal vere administrasjonssenter for politisk og administrativ leiing.

Nedanfor er det gjort greie for dei forhandlingsspørsmåla som no er reforhandla i høve til den tidlegare intensjonsplanen mellom dei tre vestlandsfylka.

#### **Representantar i Regiontinget**

Regiontinget får 65 representantar.

Fellesnemnda får i oppgåve å avklare talet nærare, og skal vidare sjå dette i samanheng med kap. 3.3 i intensjonsplanen (regionen si valordning).

#### **Regiontinget, regionutvalet og hovudutvala sine samlingar og møter**

Regiontinget skal ha årlege samlingar i dagens Sogn og Fjordane. Samlingar utover dette vert i hovudsak lagt til administrasjonssenteret.

Regionutvalet og hovudutvala sine møte vil i utgangspunktet vere lagt til administrasjonssenteret.


Hovudutvala og regionutvalet skal likevel vere fleksible og kunne alternere i regionen for å ivareta lokalkunnskap og for å halde oppe kontakten med lokalsamfunna i heile regionen. Alle utvala skal ha årlege samlingar i dagens Sogn og Fjordane.

#### **Administrasjonsspråk og statleg tenestespråk**

Nynorsk vert administrasjonsspråk og statleg tenestespråk for den nye regionen.

#### **Politisk organisering**

Den politiske organiseringa omfattar eit regionting, eit regionutval og fire hovudutval (grunnstruktur):



Fellesnemnda får i oppgåve å fremje forslag til den endelege politiske organiseringa innanfor desse rammene, herunder kontrollutval og administrasjonsutval. I denne vurderinga skal også tannhelsetenesta og alle nye oppgåver til det regionale folkevalde nivået vurderast/innplasserast.

### **Administrativ organisering**

Hovudutvalsstrukturen dannar utgangspunktet for den administrative organiseringa (leiingsdelinga):

<u>Hovudutval</u>	<u>Administrativ sektorleiing (geografisk plassering av toppleiing)</u>
Næring	Delt fagleg-administrativt ansvar: <u>Hordaland</u> og <u>Sogn og Fjordane</u>
Opplæring og idrett	<u>Hordaland</u>
Samferdsle	Kollektivtransport: <u>Hordaland</u> Veg: <u>Sogn og Fjordane</u>
Kultur	Kultur: <u>Sogn og Fjordane</u>

For å sikre ein regional balanse og tilstrekkeleg lokal tilknytning, vert oppgåvene innanfor dei ulike sektorane fordelte slik:


Samferdsleområdet: Under hovudutval for samferdsle vert ansvaret for kollektivtransporttilbodet og veg delt mellom to sektorleiarar. Sektorleiar for kollektivtransport får ansvaret for tenestetilbodet i heile regionen, og denne får sitt hovudsete i Hordaland (Bergen). Sektorleiar for veg får sitt hovudsete i Sogn og Fjordane. Det vil under denne sektorleiaren bli etablert eit tredelt plan- og strategiansvar for dei geografiske områda Sogn og Fjordane, Bergensområdet og distrikta i Hordaland.

Vidaregåande opplæring og idrett: Sektorleiar for vidaregåande opplæring og idrett skal ha sitt hovudsete i Hordaland (Bergen). Under denne leiaren vert plan- og strategiansvaret for den vidaregåande opplæringa i Bergensområdet lagt til Hordaland, medan tilsvarande plan- og strategiansvar for den vidaregåande opplæringa i distrikta utanom Bergensområdet vert lagt til Sogn og Fjordane.

Næring: Under hovudutval for næring vert det etablert eit delt geografisk ansvar basert på dagens fylke, Hordaland og Sogn og Fjordane (to likestilte sektorleiarar). Hovudutvalet skal samordne den næringsretta innsatsen i Vestlandsregionen.

Kultur: Sektorleiar for kultur skal ha sitt hovudsete i Sogn og Fjordane. Det vil under denne sektorleiaren bli etablert eit tredelt plan- og strategiansvar for dei geografiske områda Sogn og Fjordane, Bergensområdet og distrikta i Hordaland.

Denne fordelinga er i intensjonsplanen illustrerast gjennom følgjande matrise (organisasjonsskisse)



Endeleg administrativ organisering vert lagt på plass innanfor desse rammene.

### **Økonomi**

Disponibel formue mv. frå dei to fylkeskommunane skal frå 01.01.2020 disponerast av det nye regiontinget til beste for innbyggjarar, samfunn og næringsliv i heile den nye Vestlandsregionen.

Då Sogn og Fjordane fylkeskommune har relativt høge netto formuesverdiar og høge lokale inntekter, blir fylket gitt høve til å la desse verdiane bli haldne utanfor regionetableringa i 2020. Dersom fylkeskommunen vel å gjere dette, vil fylket kunne leggje nemnde verdiar i eigne investerings- og disposisjonsfond. Det samla fondsbeløpet skal ikkje overstige 1,5 mrd.kr.

I så fall kan heile beløpet frå salet av Fjord1 AS (1.064 mill.kr, inkl. sluttoppgjør i juni 2020) og det fylkeskommunen eventuelt måtte ha av bokførte aksjeverdiar i SFE AS/SF Holding AS ved regionetableringa i 2020 (356 mill.kr pr. 31.12.16) fondsplasserast. Fondsmidlane, og utbytte av aksjane, skal kunne nyttast til særskilde investerings- og utviklingsprosjekt i Sogn og Fjordane.

Fellesnemnda får i oppgåve å bli samde om vedtekter for fondet. Regiontinget vil delegere forvaltninga fondet til eit fondsstyre, valt av og blant regiontingets medlemmer. I fondsstyre skal representantar frå Sogn og Fjordane ha fleirtal.

### **Samansetting av fellesnemnd for overgangsperioden 2017-2020**

Det skal oppnemnast ei fellesnemnd som går ut frå dei to noverande fylkestinga i samsvar med inndelingslova.

Nemnda skal vere samansett av dei to fylkesutvala i Sogn og Fjordane og Hordaland, til saman 24 medlemmer. Fellesnemnda skal ha leiar frå Hordaland og nestleiar frå Sogn og Fjordane.

Det vil bli vurdert å etablere eit arbeidsutval ut frå fellesnemnda sine medlemmer.

Arbeidsoppgåver, rolle og fullmakter for fellesnemnda vert fastsett ved vedtak i dei respektive fylkestinga.

### **Vilkår i intensjonsplanen**

Her er det lagt inn to nye punkt i høve til intensjonsavtalen som også inkluderte Rogaland fylkeskommune:

- Dei to fylkeskommunane legg til grunn at det nye regionkontoret for NAV vert lokalisert i Bergen.
- Eit eventuelt regionalt bestilleransvar for landsdekkande ferjeverksemd vert lagt til Vestlandet.

## **5.0 Fylkesrådmannen sine merknader og tilråding**

Fylkesrådmannen legg til grunn at eit stortingsfleirtal ønskjer at det skal vere tre folkevalde nivå i Noreg. Stortinget slo i handsaminga av Meld. St. 22 (2015 - 16) i tillegg fast at ei styrka samfunnsutviklarrolle krev større regionar. Stortinget slutta seg difor til at landet bør delast inn i om lag ti nye folkevalde regionar frå 01.01.20. Større regionar vil kunne leggje til rette for breie fagmiljø med kapasitet og kompetanse til å ivareta både noverande og framtidige roller og oppgåver. Ti regionar vil også kunne styrke potensialet for samhandling og dialog mellom regionale statlege styresmakter og folkevalde regionar.

Fylkesrådmannen ser på intensjonsplanen og resultatet av forhandlingar mellom fylkeskommunane Hordaland og Sogn og Fjordane som eit godt utgangspunkt for å etablere ein ny folkevald region på Vestlandet, og som eit tilstrekkeleg rammeverk for fellesnemnda sitt arbeid med endeleg politisk og administrativ organisering av den nye regionen. Fylkesrådmannen vil understreke at vidareføring av intensjonsplanen også er avhengig av tilslutning i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Dersom fylkestinget i Sogn og Fjordane ikkje gir tilslutning til intensjonsplanen og vedtek å bli vidareført som eigen region i den nye regionstrukturen, vil fylkesrådmannen tilrå at intensjonsplanen må reforhandlast dersom Stortinget likevel vedtek ei løysing med Sogn og Fjordane og Hordaland som ein ny region.

Fylkesrådmannen viser likevel til fylkestinget sitt tidlegare vedtak, 14. desember 2016, der det er nedfelt at fylkestinget primært ønskjer ein Vestlandsregion som består av Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane. Ei slik regionløysing på Vestlandet vil nok i større grad kunne trekke til seg statlege oppgåver og ansvarsområder og ikkje minst bidra til at statlege ressursar i større grad rettmessig vert allokert til Vestlandet.

Fylkesrådmannen vil tilrå at den framforhandla intensjonsplanen for ein Vestlandsregion beståande av dei tre vestlandsfylka må reforhandlast dersom Stortinget går inn for ei slik regionløysing i den nye regionstrukturen.



Fylkesrådmannen vil og understreke at ein eventuell ny region på Vestlandet bestående av fylkeskommunane Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane, sannsynlegvis vil bli ein stor region i ein ny regionstruktur samanlikna med andre regionar i landet, og at det dermed vil kunne oppstå betydeleg skildnader mellom regionane i landet.

Fylkeskommunane er også i dag ulike, i høve til folketal, reiseavstandar og geografisk utstrekning. Det er ingen grunn for å tru at ein ny regionstruktur vil kunne ende opp med regionar som er like og har same føresetnader for å kunne utvikle meir effektiv og kvalitativt betre tenester, ei forsterka samfunnsutviklarrolle og ikkje minst ha lik kapasitet og kompetanse til å kunne handtere nye overførte statlege oppgåver.

Fylkesrådmannen vil derfor undertreke at det i arbeidet med ny regionstruktur må takast høgde for etablering av regionar som er ulike, og at nye overførte statlege oppgåver også kan og bør differensierast ut frå eventuelle skildnader mellom regionane i den nye regionstrukturen. Dette er eit spørsmål som så langt ikkje har vore utgreidd i regionreforma. Fylkesrådmannen ser det som aktuelt å legge inn slik oppgåvedifferensiering i mandatet til ekspertutvalet som skal vurdere nye statlege oppgåver som kan overførast til det regionale nivået.



Sogn og Fjordane  
fylkeskommune



Hordaland  
fylkeskommune

## INTENSJONSPLAN FOR SAMANSLÅING AV SOGN OG FJORDANE OG HORDALAND

### INNHALD

<b>1.</b>	<b>Innleiing</b>	<b>2</b>
<b>2.</b>	<b>Mål for samanslåing</b>	<b>2</b>
<b>3.</b>	<b>Eit nytt regionalt folkevalt nivå på det sentrale Vestlandet</b>	<b>4</b>
3.1	Regionen sitt namn og merke	
3.2	Representantar i regiontinget	
3.3	Regionen si valordning	
3.4	Politisk styreform	
3.5	Regionen sitt administrasjonssenter og politisk leiing	
3.6	Regiontinget, regionutvalet og hovudutvala sine samlingar og møte	
3.7	Administrasjonsspråk og statleg tenestespråk	
<b>4.</b>	<b>Leiing, organisering, arbeidsdeling</b>	<b>5</b>
4.1	Politisk organisering	
4.2	Administrativ organisering	
<b>5.</b>	<b>Framtidig tenesteyting</b>	<b>7</b>
<b>6.</b>	<b>Tilsette</b>	<b>8</b>
<b>7.</b>	<b>Økonomi</b>	<b>8</b>
<b>8.</b>	<b>Samansetting av fellesnemnd for overgangsperioden 2017 - 2020</b>	<b>9</b>
<b>9.</b>	<b>Val av nytt regionting</b>	<b>9</b>
<b>10.</b>	<b>Vilkår for den nye regionen</b>	<b>9</b>

17.01.2017

## 1. INNLEIING

Fylkeskommunane i Sogn og Fjordane og Hordaland vil slå saman dei to fylka frå 01.01.2020. Dagens to fylkeskommunar vert då erstatta av ein ny region som dekker ein stor del av det sentrale Vestlandet; Vestlandsregionen.

Intensjonsplanen dannar grunnlaget for vedtak om samanslåing. Vedtaka vert gjort i dei respektive fylkestinga. Dei to fylkestinga søker så Stortinget om å bli slegne saman i ein ny folkevald region.

Fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland set som vilkår for å etablere ein Vestlandsregion med til saman 630.000 innbyggjarar, at vi får overført ansvaret for fleire statlege samfunnsoppgåver, samt at vi får behalde dei viktigaste oppgåvene vi har i dag. Ein annan sentral føresetnad for samanslåing er at regionreforma fører til at tal folkevalde regionar vert om lag 10 (reell regionreform).

## 2. MÅL FOR SAMANSLÅING

### Overordna mål

Vestlandsregionen skal vere ein sterk, attraktiv og kompetent samfunnsutviklar og tenesteytar under regional folkevald styring.

### Hovudmål 1 – Sterkare demokrati gjennom ein ny folkevald region

Regionen skal ha større demokratisk påverknad regionalt og nasjonalt, og skal sikre fleire statlege ressursar, etableringar og prioriteringar på Vestlandet enn fylkeskommunane kunne fått til kvar for seg.

#### Delmål

- Viktige samfunnsoppgåver blir overførte frå statleg til regionalt folkevalt nivå, og desse vert sett i samanheng med fylkeskommunane sine noverande oppgåver og ansvarsområde.
- Politiske og administrative nettverk skal vidareutviklast og styrkast.

### Hovudmål 2 – Framtidsretta samfunnsutvikling på Vestlandet

Vestlandsregionen skal sikre og utvikle gode og vekstkraftige lokalsamfunn og sterke by- og senterområde.

#### Delmål

- I samarbeid med kommunar og andre samfunnsaktørar skal Vestlandsregionen sikre busetjingsmønster, attraktivitet og eit allsidig næringsliv i heile regionen.
- Vestlandsregionen leier ein regional partnerskap som utviklar berekraftige og miljøvenlege by- og senterområde som sentra for næringsliv, kultur og høgare utdanning.
- Verkemiddelapparatet for næringsutvikling og innovasjon skal i større grad bygge opp under dei regionale partnerskapane sine satsingsområde.
- Bergensområdet skal utviklast som regionalt vekstsentrum og drivkraft for utvikling av heile regionen.
- Det skal vere ein god balanse mellom storbyen Bergen og distrikta elles i regionen.

### Hovudmål 3 – Høg kvalitet i tenestene

Vestlandsregionen skal vidareutvikle og sikre høg kvalitet i dei regionale tenestene til innbyggjarane, organisasjonar og næringslivet på Vestlandet.

#### Delmål

- Vestlandsregionen skal tilby brukarnære og gode tenester innanfor ein effektiv og desentralisert tenestestruktur.

#### **Hovudmål 4 – Strategisk infrastrukturbygging**

Vestlandsregionen skal sikre ein framtidretta infrastruktur på Vestlandet, med mål om betra samband internt i regionen og gode kommunikasjonar mot resten av landet og ut i Europa.

#### Delmål

- Vestlandsregionen skal gjennom ei kontinuerleg satsing på infrastruktur og kommunikasjonar nytte synergiar mellom vekstkraftige sentra og omlandet betre. Auka samhandling og utvida bu- og arbeidsmarknadsregionar skapar sjølvgenererande vekst- og utvikling. Realisering av opprusta og ferjefri E39 vil vere ein viktig faktor for å utvikle Vestlandet som nasjonal vekstregion.
- Vestlandet er samla om at det er vesentleg med gode sambindingsvegar aust-vest, og at dei hovudkorridorane som vert valde dekkjer regionen samla best muleg.
- Gjennom strategisk infrastrukturplanlegging skal vi i større grad få tilgang til, og nytte, tilgjengelege ressursar og all tilgjengeleg kompetanse i regionen.
- Eit sentralt element i satsinga er ein sterkare digital infrastruktur, noko som styrkar regionen sin attraktivitet for busetnad og næringsetableringar.

#### **Hovudmål 5 – Kultur og identitetsbygging**

Vestlandsregionen skal bidra til å bygge ein sterkare felles kultur og identitet på tvers av dagens fylkesgrenser, utan at dette går ut over innbygarane sin identitet til lokalsamfunna dei bur i. Vestlandsidentiteten har lange historiske tradisjonar.

Nynorsk har vore, og er, ein viktig felles identitetsbygger. Lokale skilnader i kultur vil, og skal framleis vere, viktig og eit felles mål å ta vare på.

#### Delmål

- Vestlandsregionen skal utviklast som merkevare og symbol.
- Eit breitt og mangfaldig kulturtilbod skal sette Vestlandsregionen på kartet som ein sterk og inkluderande kulturformidlar.

#### **Hovudmål 6 – Berekraftig forvaltning av samla ressursar**

Vestlandsregionen skal, innanfor strukturane som vert valde, sikre ei betre forvaltning av dei samla ressursane på Vestlandet enn dagens fylkeskommunar gjer kvar for seg. Kompetansen og ressursane i heile regionen vert nytta.

#### Delmål

- Naturgjevne føresetnader og menneskelege ressursar på Vestlandet skal nyttast på ein heilskapleg og berekraftig måte.
- Faglege og administrative ressursar i regionen skal nyttast gjennom ei desentralisert organisering og effektiv samhandling.

### **3. EIT NYTT REGIONALT FOLKEVALT NIVÅ PÅ DET SENTRALE VESTLANDET**

#### **3.1 Regionen sitt namn og merke**

Fylkestinga går inn for at den nye regionen sitt namn blir Vestlandet/Vestlandsregionen.

Fellesnemnda får i oppgåve å føreslå eit nytt fylkes-/regionvåpen som kan vere eit samlande symbol for dei to noverande vestlandsfylka.

#### **3.2 Representantar i regiontinget**

Fylkestinga i Hordaland og Sogn og Fjordane går inn for at regiontinget får 65 representantar.

Fellesnemnda får i oppgåve å avklare talet nærare, og skal vidare sjå dette i samheng med kap. 3.3 i intensjonsplanen (regionen si valordning).

#### **3.3 Regionen si valordning**

Ein Vestlandsregion vert etablert som éin samla valkrins. Ordninga trer i kraft for region-/fylkestingsvalet hausten 2019.

Dersom Stortinget vedtek ein lovproposisjon i 2018 som opnar for ei valordning med utjamningsmandat, t.d. med tre representantar/mandat frå kvart av dagens fylke, vil Vestlandsregionen vurdere å nytte ei slik valordning frå og med hausten 2019.

#### **3.4 Politisk styringsform**

Fylkestinga i Hordaland og Sogn og Fjordane går inn for at formannskapsmodellen vert lagt til grunn som politisk styringsform for den nye regionen.

#### **3.5 Regionen sitt administrasjonssenter og politisk leiing**

Bergen vert administrasjonssenter for Vestlandsregionen, med lokalisering av rådmannsfunksjon og politisk leiing.

#### **3.6 Regiontinget, regionutvalet og hovudutvala sine samlingar og møte**

Regiontinget skal ha årlege samlingar i dagens Sogn og Fjordane. Samlingar utover dette vert i hovudsak lagt til administrasjonssenteret.

Regionutvalet og hovudutvala sine møte vil i utgangspunktet vere lagt til administrasjonssenteret.

Hovudutvala og regionutvalet skal likevel vere fleksible og kunne alternere i regionen for å ivareta lokalkunnskap og for å halde oppe kontakten med lokalsamfunna i heile regionen. Alle utvala skal ha årlege samlingar i dagens Sogn og Fjordane.

#### **3.7 Administrasjonsspråk og statleg tenestespråk**


Nynorsk vert administrasjonsspråk og statleg tenestespråk for den nye regionen.

#### 4. LEIING, ORGANISERING OG ARBEIDSDELING

Vestlandet skal organiserast slik at regionen samla kjem sterkare ut i eit godt samspel mellom distrikta og byområda.

##### 4.1 Politisk organisering

Den politiske organiseringa inneber eit regiontinget, eit regionutval og fire hovudutval (grunnstruktur):



Fellesnemnda får i oppgåve å fremje forslag til den endelege politiske organiseringa innanfor desse rammene, herunder kontrollutval og administrasjonsutval. I denne vurderinga skal også tannhelsetenesta og alle nye oppgåver til det regionale folkevalde nivået vurderast/innplasserast.

##### 4.2 Administrativ organisering

Den nye regionen må utvikle ein samla organisasjonsplan. Organisasjonsplanen bør m.a. definere leiing og lineansvar, stabs- og støttefunksjonar og strategisk planleggingsansvar.

Administrasjonssjefen vil ha ansvar for overordna strategisk samordning og styring av regionen. Stabs- og støttefunksjonar kan vere økonomistyring, HR, innkjøp, IKT, bygge- og eigedomsforvaltninga m.m.

Strategisk planlegging kan omfatte m.a. regional planstrategi, klima og miljø og folkehelse.


Administrasjonssjefen skal sikre ein kompetent og effektiv organisasjon.

Oppgåver innanfor dei sentrale fagområda skal framleis kunne utførast i både dagens fylke. Tilsette kan halde fram å arbeide innanfor ulike sektorar, sjølv om dei ikkje bur og arbeider der administrativ sektorleiing har hovudsete. Dette gjeld også for dei sentrale stabs-, drifts- og støttefunksjonane, som også kan organiserast desentralisert og gjennomgåande i organisasjonen. Sektorinterne funksjonar og fagleg oppgåveløysing av meir operativ karakter kan organiserast med leiing og fysisk plassering andre stader enn der den administrative sektorleiinga er lokalisert.

Hovudutvalsstrukturen dannar utgangspunktet for den administrative organiseringa (leiingsdelinga):

<u>Hovudutval</u>	<u>Administrativ sektorleiing (geografisk plassering av toppleiing)</u>
Næring	Delt fagleg-administrativt ansvar: <u>Hordaland</u> og <u>Sogn og Fjordane</u>
Opplæring og idrett	<u>Hordaland</u>
Samferdsle	Kollektivtransport: <u>Hordaland</u> Veg: <u>Sogn og Fjordane</u>
Kultur	Kultur: <u>Sogn og Fjordane</u>

Den administrative organiseringa (leiingsdelinga) er nærare illustrert under:



Administrative sektorleiarar i den nye regionen skal ha tilstrekkelege strategiske funksjonar til å kunne utøve ei profesjonell og effektiv administrativ leiing, med nødvendige ressursar og kompetanse.

For å sikre ein regional balanse og tilstrekkeleg lokal tilknytning, vert oppgåvene innanfor dei ulike sektorane fordelte slik:


**Samferdsleområdet:** Under hovudutval for samferdsle vert ansvaret for kollektivtransporttilbodet og veg delt mellom to sektorleiarar. Sektorleiar for kollektivtransport får ansvaret for tenestetilbodet i heile regionen, og denne får sitt hovudsete i Hordaland (Bergen). Sektorleiar for veg får sitt hovudsete i Sogn og Fjordane. Det vil under denne sektorleiaren bli etablert eit tredelt plan- og strategiansvar for dei geografiske områda Sogn og Fjordane, Bergensområdet og distrikta i Hordaland.

**Vidaregåande opplæring og idrett:** Sektorleiar for vidaregåande opplæring og idrett skal ha sitt hovudsete i Hordaland (Bergen). Under denne leiaren vert plan- og strategiansvaret for den vidaregåande opplæringa i Bergensområdet lagt til Hordaland, medan tilsvarande plan- og strategiansvar for den vidaregåande opplæringa i distrikta utanom Bergensområdet vert lagt til Sogn og Fjordane.

**Næring:** Under hovudutval for næring vert det etablert eit delt geografisk ansvar basert på dagens fylke, Hordaland og Sogn og Fjordane (to likestilte sektorleiarar). Hovudutvalet skal samordne den næringsretta innsatsen i Vestlandsregionen.

**Kultur:** Sektorleiar for kultur skal ha sitt hovudsete i Sogn og Fjordane. Det vil under denne sektorleiaren bli etablert eit tredelt plan- og strategiansvar for dei geografiske områda Sogn og Fjordane, Bergensområdet og distrikta i Hordaland.

Dette kan også illustrerast gjennom følgjande matrise (organisasjonsskisse):



Endeleg administrativ organisering vert lagt på plass innanfor desse rammene.

## 5. FRAMTIDIG TENESTEYTING

Vestlandsregionen skal vidareutvikle og sikre høg kvalitet i dei regionale tenestene til innbyggjarane, organisasjonar og næringslivet på Vestlandet. Regionen skal tilby brukarnære og gode tenester innanfor ein effektiv og desentralisert tenestestruktur.

Vestlandsregionen skal yte best muleg tenester og service overfor innbyggjarane gjennom:

- Ein skulestruktur med eit breitt og likeverdig tilbod med fridom til å velje studieprogram
- Eit effektivt, miljøvenleg og framtidstidsretta kollektivtransportsystem
- Ein kvalitativt god standard på vegnett og ferjesamband
- Eit kulturtilbod med gode og tilgjengelege idrettsanlegg

Samordning på tvers av sektorar skal vere eit prioritert og tydeleg kjenneteikn ved Vestlandsregionen si framtidige tenesteyting.

Regionen si disponering av økonomiske ressursar er med på å legge rammene for tenestetilbodet og regionalt utviklingsarbeid. Det vil vere viktig å finne ein god balanse i bruken av ressursar retta mot Bergensområdet og distrikta i regionen.



## 6. TILSETTE

Vestlandsregionen skal utøve ei styrkt regionalpolitisk rolle som samfunnsutviklar og tenesteleverandør. Dette vil innebere ein større organisasjon og langt fleire tilsette enn det dei to fylkeskommunane kvar for seg har erfaring med å handtere i dag.

Eit viktig mål med samanslåinga er å skape betre føresetnader for ein kompetent og effektiv administrasjon og tenesteproduksjon, med attraktive og utviklande arbeidsplassar. Ingen som er tilsette i dei to fylkeskommunane på samanslåingstidspunktet skal kunne seiast opp som følgje av samanslåinga. Endringar i stilling og arbeidsoppgåver må likevel kunne reknast med.

Medarbeidarar som eventuelt blir overtalige som følgje av «dublering» eller behov for ny organisering, vil få tilbod om annan høveleg stilling med utgangspunkt i kompetanse og arbeidserfaring etter på førehand haldne samtalar og drøftingar i samsvar med avtaleverk.

Vernet mot oppseiing av medarbeidarar som eventuelt blir overtalige som følgje av samanslåinga, skal vare i 5 – fem – år frå samanslåingsdato. Ein skal i størst muleg grad nytte naturleg avgang som eit aktivt verkemiddel for å unngå oppseiing av tilsette i ein eventuell nedbemanningsprosess.

Dersom lokalisering av arbeidsplassar medfører endra arbeidsstad for noverande tilsette, skal det leggjast til rette for fleksible overgangsordningar slik at den tilsette får ei moglegheit til å halde fram med å jobbe i den nye regionen. Perioden for slike overgangsordningar skal ha 5 – fem – års varigheit frå samanslåingsdato. Generelle og spesielle overgangsordningar av denne typen vert fastsette etter nærare drøftingar med dei som vert berørte og med tillitsvalde.

Ingen tilsette skal få forringa sine løns- og arbeidsvilkår som følgje av samanslåinga. Det vert sett ned ei partssamansett arbeidsgruppe som skal utvikle ein felles lønspolitikk og få til ei harmonisering av dei tilsette sine løns- og arbeidsvilkår der dette er rimeleg. Partane skal forhandle fram felles retningsliner for handsaming av overtalige, der ein m.a. tek omsyn til rimeleg reisetid ved tilbod om endra arbeidsstad.

Samanslåinga skal ikkje svekke rolla til arbeidstakarorganisasjonane. Ein skal utøve samråding med representasjon frå dei eksisterande fylkeskommunane i den nye Vestlandsregionen. Dersom den nye regionen får fleire administrative nivå, må ein sikre ressursar til tillitsvalde også på desse nivåa, slik at samråding mellom tilsette og arbeidsgjevar kan gå føre seg her. Ressursane til tillitsvalde på alle nivå skal oppretthaldast (minst) som i dag.

## 7. ØKONOMI

Disponibel formue mv. frå dei to fylkeskommunane skal frå 01.01.2020 disponerast av det nye regiontinget til beste for innbyggjarar, samfunn og næringsliv i heile den nye Vestlandsregionen.

Då Sogn og Fjordane fylkeskommune har relativt høge netto formuesverdiar og høge lokale inntekter, blir fylket gitt høve til å la desse verdiane bli haldne utanfor regionetableringa i 2020. Dersom fylkeskommunen vel å gjere dette, vil fylket kunne leggje nemnde verdiar i eigne investerings- og disposisjonsfond. Det samla fondsbeløpet skal ikkje overstige 1,5 mrd.kr.

I så fall kan heile beløpet frå salet av Fjord1 AS (1.064 mill.kr, inkl. sluttoppgjer i juni 2020) og det fylkeskommunen eventuelt måtte ha av bokførte aksjeverdiar i SFE AS/SF Holding AS ved regionetableringa i 2020 (356 mill.kr pr. 31.12.16) fondsplasserast. Fondsmidlane, og utbytte av aksjane, skal kunne nyttast til særskilde investerings- og utviklingsprosjekt i Sogn og Fjordane.

Fellesnemnda får i oppgåve å bli samde om vedtekter for fondet. Regiontinget vil delegere forvaltninga fondet til eit fondsstyre, valt av og blant regiontingets medlemmer. I fondsstyre skal representantar frå Sogn og Fjordane ha fleirtal.

## **8. SAMANSETTING AV FELLESNEMND FOR OVERGANGSPERIODEN 2017-2020**

Det vert oppnemnt ei fellesnemnd som går ut frå dei to noverande fylkestinga i samsvar med inndelingslova.

Nemnda skal vere samansett av dei to fylkesutvala i Sogn og Fjordane og Hordaland, til saman 24 medlemmer. Fellesnemnda skal ha leiar frå Hordaland og nestleiar frå Sogn og Fjordane.

Det vil bli vurdert å etablere eit arbeidsutval ut frå fellesnemnda sine medlemmer.

Arbeidsoppgåver, rolle og fullmakter for fellesnemnda vert fastsett ved vedtak i dei respektive fylkestinga.

## **9. VAL AV NYTT REGIONTING**

Fylkestinga går inn for at representantar til det nye regiontinget vert valde gjennom valet hausten 2019, og at konstituering av det nye regiontinget vert gjort seinast 01.01.2020.

## **10. VILKÅR FOR DEN NYE REGIONEN**

Fylkestinga i Hordaland og Sogn og Fjordane sluttar seg til intensjonsplanen, og stiller følgjande vilkår for å etablere ein ny folkevald region:

- a) Viktige samfunnsoppgåver blir overført frå statleg til regionalt folkevalt nivå, og desse vert sett i samheng med sentrale oppgåver og ansvarsområde som fylkeskommunane no har.
- b) Det er ein føresetnad at ansvaret for kollektivtransport og vidaregåande opplæring framleis skal liggje til regionen/fylkeskommunane.
- c) Regionen skal ha ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta.
- d) Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar føreset at fylka i sin heilskap inngår i den nye Vestlandsregionen.
- e) Dei to fylkeskommunane legg til grunn at fylkesmannsembetet får ei organisering og ei regional inndeling som samsvarer med det nye folkevalde regionale nivået sin geografiske struktur.
- f) Det vert lagt til grunn at fylkesmannsembetet skal ha ei desentralisert forvaltning lokalisert i dagens fylke, med leiing frå Sogn og Fjordane.
- g) Dei to fylkeskommunane legg til grunn at det nye regionkontoret for NAV vert lokalisert i Bergen.
- h) Eit eventuelt regionalt bestilleransvar for landsdekkande ferjeverksemd vert lagt til Vestlandet.

Os, 17. januar 2017

Jenny Følling  
Fylkesordfører  
Sogn og Fjordane  
(sign.)

Pål Kårbø  
Fylkesvaraordfører  
Hordaland  
(sign.)

Intensjonsplanen er signert med atterhald om at denne vert godkjend  
i fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland.



Sogn og Fjordane  
fylkeskommune



Hordaland  
fylkeskommune



Rogaland  
fylkeskommune

## INTENSJONSPLAN FOR SAMANSLÅING AV SOGN OG FJORDANE, HORDALAND OG ROGALAND

### INNHALD

<b>1.</b>	<b>Innleiing</b>	<b>2</b>
<b>2.</b>	<b>Mål for samanslåing</b>	<b>2</b>
<b>3.</b>	<b>Eit nytt regionalt folkevalt nivå på Vestlandet</b>	<b>4</b>
3.1	Regionen sitt namn og merke	
3.2	Representantar i regiontinget	
3.3	Regionen si valordning	
3.4	Politisk styreform	
3.5	Regionen sitt administrasjonssenter og politisk leiing	
3.6	Regiontinget sine samlingar og utvala sine møte	
<b>4.</b>	<b>Leiing, organisering, arbeidsdeling</b>	<b>5</b>
<b>5.</b>	<b>Framtidig tenesteyting i Vestlandsregionen</b>	<b>6</b>
<b>6.</b>	<b>Tilsette</b>	<b>6</b>
<b>7.</b>	<b>Økonomi</b>	<b>7</b>
<b>8.</b>	<b>Samansetting av fellesnemnd for overgangsperioden mot 2020</b>	<b>7</b>
<b>9.</b>	<b>Val av nytt regionting</b>	<b>8</b>
<b>10.</b>	<b>Premisser for Vestlandsregionen</b>	<b>8</b>

15.09.2016

## 1. INNLEIING

Fylkeskommunane i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland vil slå saman dei tre fylka frå 01.01.2020. Dagens tre fylkeskommunar vert då erstatta av ein ny region som dekkjer store deler av Vestlandet; Vestlandsregionen.

Intensjonsplanen dannar grunnlaget for vedtak om samanslåing. Vedtaka vert gjort i dei respektive fylkestinga etter at det er gjennomført ei offentleg høyring av planen hausten 2016. Dei tre fylkestinga søker så Stortinget om å bli slegne saman i ein ny folkevald region.

Fylkestinga i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland set som vilkår for å etablere ein Vestlandsregion med til saman 1,1 mill. innbyggjarar, at vi får overført ansvaret for fleire store samfunnsoppgåver, samt at vi får behalde dei viktigaste oppgåvene vi har i dag.

## 2. MÅL FOR SAMANSLÅING

### Overordna mål

Vestlandsregionen skal vere ein sterk, attraktiv og kompetent samfunnsutviklar og tenesteytar under regional folkevald styring.

### Hovudmål 1 – Sterkare demokrati gjennom ein ny folkevald region

Vestlandsregionen skal ha større demokratisk påverknad regionalt og nasjonalt, og skal sikre fleire statlege ressursar, etableringar og prioriteringar på Vestlandet enn det fylkeskommunane kunne fått til kvar for seg.

#### Delmål

- Viktige samfunnsoppgåver blir overførte frå statleg til regionalt folkevalt nivå, og desse vert sett i samanheng med fylkeskommunane sine noverande oppgåver og ansvarsområde.
- Politiske og administrative nettverk skal vidareutviklast og styrkast.

### Hovudmål 2 – Framtidsretta samfunnsutvikling på Vestlandet

Vestlandsregionen skal sikre og utvikle gode og vekstkraftige lokalsamfunn og sterke byområde.

#### Delmål

- I samarbeid med kommunar og andre samfunnsaktørar skal Vestlandsregionen sikre busettingsmønster, attraktivitet og eit allsidig næringsliv i heile regionen.
- Vestlandsregionen leier ein regional partnerskap som utviklar berekraftige og miljøvenlege byområde som sentra for næringsliv, kultur og høgare utdanning.
- Verkemiddelapparatet for næringsutvikling og innovasjon skal i større grad bygge opp under dei regionale partnerskapane sine satsingsområde.
- Vestlandsregionen skal medverke til å etablere ein god og tydeleg balanse mellom dei store byområda.

### Hovudmål 3 – Høg kvalitet i tenestene

Vestlandsregionen skal vidareutvikle og sikre høg kvalitet i dei regionale tenestene til innbyggjarane, organisasjonane og næringslivet på Vestlandet.

#### Delmål

- Vestlandsregionen skal tilby brukarnære og gode tenester innanfor ein effektiv og desentralisert tenestestruktur.

#### **Hovudmål 4 – Strategisk infrastrukturbygging**

Vestlandsregionen skal sikre ein framtidsretta infrastruktur på Vestlandet, med mål om betra samband internt i regionen og gode kommunikasjonar mot resten av landet og ut i Europa.

#### Delmål

- Vestlandsregionen skal gjennom ei kontinuerleg satsing på infrastruktur og kommunikasjonar nytte synergjar mellom vekstkraftige sentra og omlandet betre. Auka samhandling og utvida bu- og arbeidsmarknadsregionar skapar sjølvgenererande vekst- og utvikling. Realisering av opprusta og ferjefri E39 vil vere ein viktig faktor for å utvikle Vestlandet som nasjonal vekstregion.
- Vestlandet er samla om at det er vesentleg med gode sambindingsveggar aust-vest, og at dei hovudkorridorane som vert valde dekkjer regionen samla best muleg.
- Gjennom strategisk infrastrukturplanlegging skal vi i større grad få tilgang til, og nytte, tilgjengelege ressursar og all tilgjengeleg kompetanse i regionen.
- Eit sentralt element i satsinga er ein sterkare digital infrastruktur, noko som styrkar regionen sin attraktivitet for busetnad og næringsetableringar.

#### **Hovudmål 5 – Kultur og identitetsbygging**

Vestlandsregionen skal bidra til å bygge ein sterkare felles kultur og identitet på tvers av dagens fylkesgrenser, utan at dette går ut over innbyggerane sin identitet til lokalsamfunna dei bur i. Vestlandsidentiteten har lange historiske tradisjonar. Frå demokratisk samling og utvikling i mellomalderen til å vere ein landsdel med stor grad av internasjonalt samarbeid og handel i vår tid. Nynorsk har vore, og er, ein viktig felles identitetsbygger. Lokale skilnader i kultur vil, og skal framleis vere, viktig og eit felles mål å ta vare på.

#### Delmål

- Vestlandsregionen skal utviklast som merkevare og symbol.
- Eit breitt og mangfaldig kulturtilbod skal sette Vestlandsregionen på kartet som ein sterk og inkluderande kulturformidlar.

#### **Hovudmål 6 – Berekraftig forvaltning av samla ressursar**

Vestlandsregionen skal, innanfor strukturane som vert valde, sikre ei betre forvaltning av dei samla ressursane på Vestlandet enn dagens fylkeskommunar gjer kvar for seg, der kompetansen og ressursane i heile regionen vert nytta.

#### Delmål

- Naturgjevne føresetnader og menneskelege ressursar på Vestlandet skal nyttast på ein heilskapleg og berekraftig måte.
- Faglege og administrative ressursar i Vestlandsregionen skal nyttast gjennom ei desentralisert organisering og effektiv samhandling.

### **3. EIT NYTT REGIONALT FOLKEVALT NIVÅ PÅ VESTLANDET**

#### **3.1 Vestlandsregionen sitt namn og merke**

Fylkestinga går inn for at den nye regionen sitt namn blir Vestlandsregionen.

Fellesnemnda får i oppgåve å føreslå eit nytt fylkes-/regionvåpen som kan vere eit samlande symbol for dei tre noverande vestlandsfylka.

#### **3.2 Representantar i regiontinget**

Fylkestinga i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane går inn for at regiontinget får 71 representantar.

Fellesnemnda får i oppgåve å avklare talet nærare, og skal vidare sjå dette i samanheng med kap. 3.3 i intensjonsplanen (valordning).

#### **3.3 Regionen si valordning**

Ein Vestlandsregion vert etablert som éin samla valkrins. Ordninga trer i kraft for region-/fylkestingsvalet hausten 2019 som godkjend overgangsordning, og for Stortingsvalet etter at Stortinget har gjort nødvendige grunnlovsendingar knytt til den norske valordninga.

Ei slik ordning vil vere i tråd med, og ei vidareføring av, gjeldande norsk vallov, men grenseinndelinga må justerast gjennom grunnlovsending.

Dersom Stortinget vedtek ein lovproposisjon i 2018 som opnar for ei valordning med utjamningsmandat, t.d. med tre representantar/mandat frå kvart av dagens fylke, vil Vestlandsregionen vurdere å nytte ei slik valordning frå og med hausten 2019.

#### **3.4 Politisk styringsform**

Fylkestinga i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane går inn for at formannskapsmodellen vert lagt til grunn som politisk styringsform for den nye regionen.

#### **3.5 Regionen sitt administrasjonssenter og politisk leiing**

Bergen vert administrasjonssenter for Vestlandsregionen, med lokalisering av rådmannsfunksjon og politisk leiing.

#### **3.6 Regiontinget sine samlingar og utval sine møte**

Regiontinget skal ha årlege samlingar i Leikanger/Førde, Bergen og Stavanger. Samlingar utover dette vert lagt til administrasjonssenteret.

Regionutvalet sine møte vil i hovudsak vere lagt til administrasjonssenteret. Møta i hovudutval for næring, opplæring og kultur og idrett vil som hovudregel bli lagt til Stavanger. Møta i hovudutval for samferdsle vil som hovudregel bli lagt til Leikanger/Førde.

#### 4. LEIING, ORGANISERING OG ARBEIDSDDELING

Den politiske organiseringa inneber eit regionting, eit regionutval og følgjande fire hovudutval:

- Samferdsle
- Næring
- Opplæring
- Kultur og idrett.

Fellesnemnda får i oppgåve å fremje forslag til den endelege politiske organiseringa innanfor desse rammene. I denne vurderinga skal også tannhelsetenesta og alle nye oppgåver til det regionale folkevalde nivået vurderast.

Regionutvalet og administrasjonssjefen vil ha ansvar for overordna strategisk samordning og styring av Vestlandsregionen. Dette omfattar ansvaret for mellom anna følgjande strategiske samordningsområde:

Regionutvalet:

- Regional planlegging
- Økonomisk planlegging
- Klima og miljø
- Folkehelse

Administrasjonssjefen:

- Strategisk planlegging og utvikling
- Økonomisk styring
- HR
- IKT
- Bygg- og eigeedom
- Kommunikasjon
- Andre sektorovergripande funksjonar som folkehelse, klima og miljø.

Hovudutvalsstrukturen dannar utgangspunktet for administrativ organisering (leiingsdeling).

<u>Hovudutval</u>	<u>Administrativ leiing (geografisk plassering)</u>
Næring	Rogaland
Opplæring	Rogaland
Samferdsle	Rogaland: Kollektivtransport Sogn og Fjordane: Veg
Kultur og idrett	Sogn og Fjordane: Kultur Rogaland: Idrett

Ei slik administrativ organisering skal ivareta både strategiske og operative funksjonar. Oppgåver innanfor dei sentrale fagområda skal framleis kunne utførast i alle dei tre fylka.



## 5. FRAMTIDIG TENESTEYTING

Vestlandsregionen vidareutviklar tenestetilbodet gjennom ein brukarnær og desentralisert struktur. Vestlandsregionen skal yte best muleg tenester og service overfor innbyggjarane på Vestlandet gjennom:

- Ein skulestruktur med eit breitt og likeverdig tilbod med fridom til å velje studieprogram
- Eit effektivt, miljøvenleg og framtidstidsretta kollektivtransportsystem
- Ein kvalitativt god standard på vegnett og ferjesamband
- Eit kulturtilbod med gode og tilgjengelege idrettsanlegg

Samordning på tvers av sektorar skal vere eit prioritert og tydeleg kjenneteikn ved Vestlandsregionen si framtidige tenesteyting.

Befolkningsutviklinga legg premissar for regionen si disponering av økonomiske ressursar, og er med på å legge rammene for tenestetilbodet og regionalt utviklingsarbeid. Det vil vere viktig å finne ein god balanse i bruken av ressursar retta mot storbyane og distrikta.

## 6. TILSETTE

Vestlandsregionen skal utøve ei styrkt regionalpolitisk rolle som samfunnsutviklar og tenesteleverandør. Dette vil innebere ein større organisasjon og langt fleire tilsette enn det dei tre fylkeskommunane kvar for seg har erfaring med å handtere i dag.

Eit viktig mål med samanslåinga er å skape betre føresetnader for ein kompetent og effektiv administrasjon og tenesteproduksjon, med attraktive og utviklande arbeidsplassar. Ingen som er tilsette i dei tre fylkeskommunane på samanslåingstidspunktet skal kunne seiast opp som følgje av samanslåinga. Endringar i stilling og arbeidsoppgåver må likevel kunne reknast med.

Medarbeidarar som eventuelt blir overtalige som følgje av «dublering» eller behov for ny organisering, vil få tilbod om annan høveleg stilling med utgangspunkt i kompetanse og arbeidserfaring etter på førehand haldne samtalar og drøftingar i samsvar med avtaleverk.

Vernet mot oppseiing av medarbeidarar som eventuelt blir overtalige som følgje av samanslåinga, skal vare i 5 – fem – år frå samanslåingsdato. Ein skal i størst muleg grad nytte naturleg avgang som eit aktivt verkemiddel for å unngå oppseiing av tilsette i ein eventuell nedbemanningssprosess.

Dersom lokalisering av arbeidsplassar medfører endra arbeidsstad for noverande tilsette, skal det leggjast til rette for fleksible overgangsordningar slik at den tilsette får ei moglegheit til å halde fram med å jobbe i den nye regionen. Perioden for slike overgangsordningar skal ha 5 – fem – års varigheit frå samanslåingsdato. Generelle og spesielle overgangsordningar av denne typen vert fastsette etter nærare drøftingar med dei som vert berørte og med tillitsvalde.

Ingen tilsette skal få forringa sine løns- og arbeidsvilkår som følgje av samanslåinga. Det vert sett ned ei partssamansett arbeidsgruppe som skal utvikle ein felles lønspolitik og få til ei harmonisering av dei tilsette sine løns- og arbeidsvilkår der dette er rimeleg.

Partane skal forhandle fram felles retningsliner for handsaming av overtalige, der ein mellom anna tek omsyn til rimeleg reisetid ved tilbod om endra arbeidsstad.

Samanslåinga skal ikkje svekke rolla til arbeidstakarorganisasjonane. Ein skal utøve samråding med representasjon frå dei eksisterande fylkeskommunane i den nye Vestlandsregionen. Dersom den nye regionen får fleire administrative nivå, må ein sikre ressursar til tillitsvalde også på desse nivåa, slik at samråding mellom tilsette og arbeidsgjevar kan gå føre seg her. Ressursane til tillitsvalde på alle nivå skal oppretthaldast (minst) som i dag.

## 7. ØKONOMI

Disponibel formue m.m. frå dei tre fylkeskommunane skal frå 01.01.2020 disponerast av det nye regiontinget til beste for innbyggjarane, samfunn og næringsliv i heile den nye Vestlandsregionen.

Då Sogn og Fjordane fylkeskommune har relativt høge netto formuesverdiar og høge lokale inntekter i form av aksjeutbytte og konsesjonskraftvinst, blir fylket gitt høve til å byggje opp investerings- og disposisjonsfond fram mot regionetableringa i 2020. Heile beløpet frå salet av Fjord1 AS skal kunne inngå i eit slikt fond. Fondsmidlane skal kunne nyttast til særskilde investerings- og utviklingsprosjekt i fylket. Det samla fondsbeløpet skal ikkje kunne overstige 1,5 mrd.kr.

Fellesnemnda får i oppgåve å utarbeide forslag til vedtekter for fondet. Regiontinget vil forvalte fondet, men kan ev. delegere denne oppgåva til eit eige fondsstyre.

## 8. SAMANSETTING AV FELLESNEMND FOR OVERGANGSPERIODEN 2017-2020

I arbeidet med innføring av Vestlandsregionen vert det oppnemnd ei fellesnemnd som går ut frå dei tre noverande fylkestinga i samsvar med ordningane nedfelte i Inndelingslova.

Nemnda skal vere samansett av til saman 30 medlemmer frå fylkestinget i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland, med følgjande fordeling av representantar:

Fellesnemnda skal til saman ha 30 medlemmer fordelt på følgjande måte:

- Sogn og Fjordane: 7 representantar
- Hordaland: 12 representantar
- Rogaland: 11 representantar

Under fellesnemnda skal det settast ned eit arbeidsutval med 11 medlemmer fordelt slik:

- Sogn og Fjordane: 3 representantar
- Hordaland: 4 representantar
- Rogaland: 4 representantar
- Leiar i arbeidsutvalet er ikkje fastsett.

Arbeidsoppgåver og fullmakter for fellesnemnda vert fastsett i reglement som må vedtakast i dei respektive fylkestinga.

## 9. VAL AV NYTT REGIONTING

Fylkestinga går inn for at representantar til det nye regiontinget vert valde gjennom valet hausten 2019, og at konstituering av det nye regiontinget vert gjort seinast 01.01.2020.

## 10. PREMISSE FOR VESTLANDSREGIONEN

Fylkestinga i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane sluttar seg til intensjonsplanen, og stiller følgjande premisser for å etablere Vestlandsregionen:

- a) Viktige samfunnsoppgåver blir overført frå statleg til regionalt folkevalt nivå, og desse vert sett i samheng med sentrale oppgåver og ansvarsområde som fylkeskommunane no har.
- b) Det er ein føresetnad at ansvaret for kollektivtransport og vidaregåande opplæring framleis skal liggje til regionen/fylkeskommunane.
- c) Regionen skal ha ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta.
- d) Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar føreset at fylka i sin heilskap inngår i den nye Vestlandsregionen.
- e) Dei tre fylkeskommunane legg til grunn at fylkesmannsembetet får ei organisering og ei regional inndeling som samsvarer med det nye folkevalde regionale nivået sin geografiske struktur.

Det vert lagt til grunn at fylkesmannsembetet skal ha ei desentralisert forvaltning lokalisert i dagens fylke, med leiing frå Sogn og Fjordane.

Førde, 15. september 2016

  
Jenny Følling  
Fylkesordfører  
Sogn og Fjordane  
(sign.)

  
Anne Gine Hestetun  
Fylkesordfører  
Hordaland  
(sign.)

  
Solveig Ege Tengesdal  
Fylkesordfører  
Rogaland  
(sign.)

Intensjonsplanen er signert med atterhald om at denne vert godkjend  
i fylkestinga i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.



Arkivnr: 2016/402-9

Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Valnemnda	3/17	03.02.2017
Fylkestinget	3/17	03.02.2017

### Søknad om permisjon frå verv

#### Samandrag

Representanten Terje Søviknes, FrP, har teke til i stilling som statsråd i Frp/Høyre-regjeringa med arbeidsstad Oslo og søker difor om permisjon frå alle verv i Hordaland fylkeskommune.

I samråd med praksis vert det rådd til å gi permisjon for den tida han innehar stillinga.

#### Forslag til innstilling

1. Terje Søviknes får permisjon frå verva som medlem i fylkestinget, fylkesutvalet, valnemnda, administrasjonsutvalet, fylkesvalstyret, Vestlandsrådet, medlem i Sparebanken Vest representantskapet, delegat til Landstinget og representant til fylkesmøtet i KS-organ, varamedlem i Kontaktutvalet for Bergensprogrammet og varamedlem i styret i Sunnhordland Lufthavn AS i den tida han innehar verv som statsråd.
2. For den tida Terje Søviknes har permisjon gjer fylkestinget slike val:
  - a) Medlem i fylkestinget etter opprykk:
  - b) Medlem i fylkesutvalet:
  - c) Medlem i fylkesvalstyret
  - d) Medlem i valnemnda
  - e) Medlem i administrasjonsutvalet
  - f) Medlem i Vestlandsrådet
  - g) Medlem i representantskapet i Sparebanken Vest.
  - h) Varamedlem i Kontaktutvalet for Bergensprogrammet
  - i) Varamedlem i styret i Sunnhordland Lufthavn AS
  - j) Delegat til Landstinget og representant til fylkesmøtet i KS-organ.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 11.01.2017

Representanten Terje Søviknes, FrP, har i E-post av 03.01.2017 søkt om permisjon frå fylkeskommunale verv. Han skriv:

*«I medhold av Kommuneleva ber eg om permisjon frå alle politiske verv i Hordaland fylkeskommune så lenge eg sitter i vervet som statsråd i Frp/H-regjeringa. Dette gjeld verv som fylkestingsrepresentant og fylkesutvalsmedlem, samt alle verv knytt til dette.»*

Søviknes har fylgjande verv utanom fylkestinget og fylkesutvalet:

Medlem i fylkestinget etter opprykk:

Medlem i fylkesvalstyret  
 Medlem i valnemnda  
 Medlem i administrasjonsutvalet  
 Medlem i Vestlandsrådet  
 Medlem i representantskapet i Sparebanken Vest.  
 Varamedlem i Kontaktutvalet for Bergensprogrammet  
 Varamedlem i styret i Sunnhordland Lufthavn AS  
 Delegat til Landstinget og representant til fylkesmøtet.

## Rettsleg grunnlag

Fritak frå teneste i verv på grunnlag av søknad er regulert i kommunelova § 15 nr. 2 som lyder:

*«2. Kommunestyret og fylkestinget kan etter søknad frita, for et kortere tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjønne sin plikter i vervet.»*

Om korleis denne regelen er å forstå, går det fram i kommentarene til kommunelova (Overå/Bernt: Kommuneloven med kommentarer) at:

«Fritak er betinget av at vedkommande «ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjønne sine plikter i vervet». Fritaksgrunn vil i første rekke være at søkerens arbeidsforhold, dårlig helse eller andre velferdseggrunner gjør det ekstra byrdefullt å oppfylle de plikter vervet medfører. Avgjørelsen må nødvendigvis bli temmelig skjønsmessig. Forhold som politisk motgang, endret politisk oppfatning eller utilfredshet med organets arbeid vil imidlertid etter tradisjonell lære som utgangspunkt ikke kunne kvalifisere til fritak. Men etter at man i loven nå også har tatt inn ordet «belastning» som alternativ til «vanskelighet», kan man ikke helt utelukke slike forhold som fritaksgrunn i situasjoner hvor de har ført til helsemessige eller sosiale belastninger for et medlem, Jf. NOU 1990: 13 s. 185 hvor det blant annet uttales:

«Utvalget vil vise til at det kan være usikkert hvor langt begrepet «uforholdsmessig vanskelighet» rekker og foreslår derfor formuleringen» .....den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning...» for å klargjøre at det også kan være andre forhold enn de som er nevnt overfor som kan gjøre det svært vanskelig for en representant å fortsette i vervet, og hvor det derfor kan være rimelig å frita vedkommende.»

## Vurdering

Det har vore praksis for å gi fritak/permisjon for verv i fylkeskommunale organ for å skjønne rikspolitiske verv. Sjølv om det skal leggjast til grunn ei streng vurdering for i gi fritak, er det fylkesrådmannen si vurdering at verv som statsråd er vanskeleg å kombinera på ein god måte med fylkeskommunale verv. Fylkesrådmannen rår difor til at det vert gitt permisjon og føreteke suppleringsval.

Dersom Søviknes får permisjon frå verva, bør det gjerast suppleringsval for den tida han har permisjon. Kommunelova § 16 som gjeld *Opprykk og nyvalg*, regulerer forholdet. Kommunelova § 16 lyder:

- «1. Har medlemmet forfall til et møte i et folkevalgt organ, innkalles varamedlemmet såvidt mulig i den nummerorden de er valgt. Varamedlemmer innkalles fra den gruppe hvor det er forfall.
2. Hvis medlemmet av kommunestyret eller fylkestinget trer endelig ut eller får varig forfall, trer varamedlemmer fra vedkommende gruppe inn i deres sted i den nummerorden de er valgt hvis organet er valgt ved forholdsvalg. Er et kommunestyre valgt ved flertallsvalg, trer varamedlemmet inn i den nummerorden de er valgt.
3. Dersom et medlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre og fylkesting, kommunestyrekomite` og fylkestingskomite` trer endelig ut, velges nytt medlem, selv om det er valgt varamedlem. Organet skal suppleres fra den samme gruppe som den utredende tilhørte. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det så langt det er mulig velges nytt medlem fra det underrepresenterte kjønn.
4. Trer lederen av et folkevalgt organ endelig ut av organet, skal det velges en ny leder.
5. Er antallet varamedlemmer eller en gruppes varamedlemmer til formannskapet, fylkesutvalget eller et annet folkevalgt organ valgt av kommunestyret eller fylkestinget blitt utilstrekkelig, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge ett eller flere faste eller midlertidige varamedlemmer. Suppleringsvalg skal skje fra den gruppen som har et utilstrekkelig antall varamedlemmer. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av varamedlemmene til organet eller gruppens varamedlemmer, skal det så langt det er mulig velges nytt varamedlem fra det underrepresenterte kjønn. Myndigheten til å foreta suppleringsvalg til andre organer enn formannskapet eller fylkesutvalget kan delegeres til formannskapet eller fylkesutvalet.
6. Ved suppleringsvalg etter nr. 3 og nr. 5 kan vedkommande gruppe selv utpeke den som skal rykke inn på den ledige plassen. Gruppen underretter deretter kommunestyret eller fylkestinget, som velger vedkommende dersom de lovbestemte vilkår er oppfylt. Tilsvarende gjelder ved suppleringsvalg i henhold til nr. 5 siste punktum.»

Vervet som medlem i fylkestinget vert å fylla etter nr. 2.

Fylkesvalstyret føretek nytt valoppgjjer for å fylla den ledige varamedlemsplassen i fylkestinget når fylkesordførar finn det nødvendig, Jfr. vallova § 14-2 nr. 2.



**PS 4/17 Ymse**



Arkivnr: 2017/711-1

Saksbehandlar: Ingrid Kristine Holm Svendsen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet	22/17	26.01.2017
Fylkestinget	5/17	03.02.2017

## Godtgjersle til fylkesordførar i sjukemeldingsperioden

### Samandrag

Fylkesordføraren har vore sjukemeld frå sitt verv frå 21. desember 2016, førebels fram til 1. februar 2017.

I høve dom frå Høgsterett i mars 2016 er ein ordførar som får godtgjersle for vervet på heil tid, *ikkje* å rekne som arbeidstakar etter § 1-8 i folketrygdlova.

For fylkesordføraren medfører dette at ho etter dei første 16 dagane av sjukemeldinga må vende seg til NAV for vidare ytingar. Desse ytingane er avgrensa til maksimalt 6G, som svarar til ei årsinntekt på kr 555.446,-. Dette er ein vesentleg reduksjon i høve den godtgjersla ho får som fylkesordførar på kr 1.206.600,-

Denne situasjonen er ikkje regulert i Hordaland fylkeskommune sitt reglement for «Godtgjersle til folkevalde».

KS tilrår i rettleiinga «Økonomiske vilkår for folkevalgte» av 2013 at mellom anna ordførar får behalde avtalt godtgjersle i samband med sjukemelding.

Vidare har lovgivar i forarbeida til ny kommunelov, NOU 2016:4, foreslått å endre lovgivinga slik at folkevalde som har eit tillitsverv som svarar til minst 50 prosent stilling, vert gjeve same rett til ulike velferdsgodar som andre tilsette i kommunane.

### Forslag til innstilling

1. I samsvar med regelverket for tilsette i Hordaland fylkeskommune, godkjenner fylkestinget at Hordaland fylkeskommune dekkjer differansen mellom ytingane frå NAV og den avtalte godtgjersla for vervet som fylkesordførar, i den perioden fylkesordføraren er sjukemeld.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen kome attende med ei eiga sak knytt til reglementet «Godtgjersle til folkevalde», der ein klårgjer retningslinene for slik godtgjersle ved sjukefråvær hos fylkesordførar, fylkesvaraordførar og andre folkevalde

### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.01.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

### Innstilling til fylkestinget

1. I samsvar med regelverket for tilsette i Hordaland fylkeskommune, godkjenner fylkestinget at Hordaland fylkeskommune dekkjer differansen mellom ytingane frå NAV og den avtalte godtgjersla

for vervet som fylkesordfører, i den perioden fylkesordføreren er sjukemeld.

2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen kome attende med ei eiga sak knytt til reglementet «Godtgjersle til folkevalde», der ein klårgjer retningslinene for slik godtgjersle ved sjukefråvær hos fylkesordfører, fylkesvaraordfører og andre folkevalde.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



Arkivnr: 2017/732-1  
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Valnemnda	4/17	03.02.2017
Fylkestinget	6/17	03.02.2017

### Søknad om mellombels fritak frå verv som fylkesordførar - Val av ny midlertidig fylkesvaraordførar

#### Samandrag

Etter søknad frå fylkesordførar Anne Gine Hestetun om mellombels fritak frå verv som fylkesordførar, må det veljast ein ny, midlertidig fylkesvaraordførar. Ho viser til at ho for tida er sjukemeld.

Det vert vist til Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova) § 9 nr. 2 og § 15 nr. 2.

I den tida fylkesordførar Anne Gine Hestetun midlertidig er trådt ut av sitt verv som fylkesordførar, vert fylkesvaraordførar Pål Kårbø ny fylkesordførar. Dette med heimel i kommunelova § 9 nr. 2.

I samråd med praksis vert det rådd til å gi permisjon for den tida fylkesordførar er sjukemeldt.

#### Forslag til innstilling

1. Fylkesordførar Anne Gine Hestetun får etter søknad, midlertidig fritak frå verv som fylkesordførar i den tida ho er sjukemeldt.
2. For den tida fylkesvaraordførar Pål Kårbø er fylkesordførar vert det gjort slikt val av midlertidig ny fylkesvaraordførar:

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Rettsleg grunnlag

Kommuneloven § 9 nr. 2 lyder:

*«Trer ordfører eller fylkesordfører midlertidig ut av sitt verv, rykker varaordføreren opp som ordfører eller fylkesordfører, og det velges midlertidig ny varaordfører.»*

Fritak frå teneste i verv på grunnlag av søknad er regulert i kommunelova § 15 nr. 2 som lyder:

*«2. Kommunestyret og fylkestinget kan etter søknad fritta, for et kortere tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjømte sine plikter i vervet.»*

Anne Gine Hestetun  
Sætervegen 86  
5236 RÅDAL

Bergen, 31. januar 2017

## Fylkestinget i Hordaland

### SØKNAD OM MELLOMBELS FRITAK FRÅ VERV SOM FYLKESORDFØRAR

Eg viser til at eg for tida er sjukemeld og må difor søkje om mellombels fritak frå vervet som fylkesordfører. Helsen situasjonen min gjer det «uforholdsmessig vanskelig og belastende» for meg å skjette pliktene mine som fylkesordfører, jf kommunelova § 15 nr. 2, jf § 9 nr. 2.

Eg ser det som sannsynleg at eg kan ta opp att vervet frå 1. april 2017 og søker difor i første omgang om fritak ut denne perioden. Eg vil orientere fylkestinget om det vert behov for ytterligare fritak utover dette.

Med venleg helsing



Anne Gine Hestetun



Arkivnr: 2017/732-2  
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Valnemnda	5/17	03.02.2017
Fylkestinget	7/17	03.02.2017

## Val av vararepresentant til forhandlingsutvalet for Byvekstavtalen med Staten

### Samandrag

Representanten Mona Røsvik Strømme, (H), sendte i e-post av 30.01.2017 ein førespurnad om å oppnemne ein vararepresentant for opposisjonsleiar til Forhandlingsutvalet for Byvekstavtalen med Staten.»

Det vert vist til sak i fylkestinget den 10.03.2015 (Sak 13/2015): «Bymiljøavtale for Bergen – organisering og vidare arbeid». Målet er å få på plass ein bymiljøavtale for Bergen for å definera den framtidige satsinga på transportinfrastrukturen i Bergen, i eit forpliktande samarbeid mellom stat, fylkeskommune og kommune. I sak 13/2015, vedtakspunkt 3, har fylkestinget vedteke at styringsgruppa kan setja ned eit eige forhandlingsutval etter modell frå Oslopakke 3. Forhandlingsutvalet er i praksis ei utviding av styringsgruppa med fleire lokale representantar, inntil to personar frå høvesvis fylkeskommune og kommune. Forhandlingsutvalet har ein viktig funksjon ved framforhandling av ein bymiljøavtale, og ved handsaming av større prinsipielle saker og spørsmål som gjeld hovudlinene i den nye bypakken, når den er etablert.

Bymiljøavtalen har no namnet Byvekstavtalen. Forhandlingsutvalet for Byvekstavtalen har oppstartmøte den 10.02.2017. Det hastar av den grunn med å få oppnemnt ein vararepresentant til forhandlingsutvalet. Følgjande to representantar skal delta i forhandlingsutvalet saman med fylkesordføraren:

- Leiar av det største opposisjonspartiet i fylkestinget, Mona Røsvik Strømme (H).
- Leiar av utval for miljø og samferdsel, Nils T. Bjørke (SP).

### Forslag til innstilling

- Fylkestinget gjer slikt val for oppnemning av vararepresentant for opposisjonsleiar til Forhandlingsutvalet for Byvekstavtalen med Staten:
- Fylkestinget gjer slikt val for oppnemning av vararepresentant for leiar av utval for miljø og samferdsel, til Forhandlingsutvalet for Byvekstavtalen med Staten:

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 30.01.2017**

Representanten Mona Røsvik Strømme, H, har i E-post av 30.01.2017 bedt om at det vert oppnemnt ein vararepresentant for opposisjonsleiar til Forhandlingsutvalet for Byvekstavtalen med Staten. Ho skriv:

*«Det skal oppnevnes en vararepresentant for opposisjonsleder til Forhandlingsutvalet for Byvekstavtalen med Staten. Som medlem sitter Mona Røsvik Strømme gruppeleder Høyre.*

*Vara.....*

*Håper dette kan komme med i Valnemnda nå på fredag.»*

**Rettsleg grunnlag:**

Det vert vist til kommuneloven § 14, valgbarhet, plikt til å tå imot valg.

Kommuneloven § 14 nr. 1 lyder:

1. «Ved valg til
  - formannskap og fylkesutvalg
  - faste utvalg
  - kommunedelsutvalg
  - kontrollutvalg
  - kommuneråd og fylkesråd
  - kommunale eller fylkeskommunale nemnder opprettet i medhold av andre lover gjelder følgende regler:
    - a)  
Valgbar og pliktig til å ta imot valg er den som har stemmerett ved valg til kommunestyre og fylkesting, og som når valget finner sted står innført i folkeregisteret som bosatt i vedkommende kommune eller i en av kommunene i fylket.»